

## Referat frå møte 21.08.09

Møtestad: Justisdepartementet, Akersgt. 42, Oslo

Tid: kl. 10 - 12.30

Til stades:

Erik Røsæg, leiar  
Jan-Erik Nielsen  
Kristin Bjerkestrand Eid  
Tore Fjørtoft  
Torjus Moe

Bente Kraugerud var ikkje til stades.

### Kort om tema for møtet

Arbeidsgruppa gjekk gjennom og diskuterte eit førebels utkast til ei rekke kapittel i rapporten. Det var m.a. semje i gruppa om at det er naturleg at rapporten omhandlar dei risikospørsmåla som er drøfta i rapporten kapittel 8. Røsæg vil til neste møte leggje fram eit nytt utkast som reflekterer innspela og diskusjonane i arbeidsgruppa.

Det vart også snakka om dei planlagde studieturane til Brønnøysund og København. På eit seinare tidspunkt kan det bli aktuelt med ein ekskursjon til Statens Kartverk og ein bank for å få nærmare innblikk i tinglysingsprosessen.

Førebels møteplan: 18. september, 9. oktober, 20. november og 18. desember. Alle møta er frå kl. 10–12 i møterom i 8. etasje, Høgblokka, om ikkje noko anna blir bestemt.

### Til neste møte:

- Røsæg flikkar på den eksisterande teksten og byggjer den litt ut, m.a. med ein omtale av lovstrukturelle spørsmål.
- Bjerkestrand Eid medverkar med ein litt meir utførleg omtale av forsøksordningane med e-tinglysing.